

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1976

Namnet på vatnet Hegleløkksvatn
Kommune Fjord

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind
Vasshaug.

H E S K E S T A D V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 22. august 1975.

Vatnet ligg i Lund kommune, nærmere stadfest nord for Heskestad st., og med E 18 og Solknuten på vestsida og Kassen i aust.

Arealet er omlag 55 ha. og h.o.h. 178 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men der er store grunnlendte partier nær land, sjølv om det sikkert kan vera ganske djupt utover. Stranda består for det meste av Stein som går over til gjørmebotn mot djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark og noko snaufjell.

Hovudtilsiget fell inn på nordsida og kjem frå Ualandsvatnet.

Forutan dette fell det inn eit sterre bekketilsig på austsida.

Avlaupet renn ut i sør og går til Eidsvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 7.0 m og fargen på vatnet gullig-grønn.

Surheita pH er målt til 5.2 som er brukbart for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 3.5 mg/l.

Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne $K_{18} = 33.8$.

Gjennomstøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 26 vårflugelarver, 6 fåbørstemark, 1 vannmidd og 7 fjærmygglarver tilsvarande 400 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 6 vårflugelarver, 4 fjærmygglarver og 1 fåbørstemark - i alt 110 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at det er medels bra med botndyr i vatnet, samanlikna med andre analyserte vann.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretakne, tok vi mageprøver av 6 fiskar. Her vart det funne vårflygelarver, fjærmyggelarver, myggupper, linsekreps, buksvømmere, plankton, svevemyggelarver og vannkalvlarver.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50,0 m og eit vertikaltrekk på 10,0 m, med planktonhov. Horisontaltrekket var ein rik prøve medan vertikaltrekket må karakteriserast som heller fattig.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeeslag vil ein finna i vatnet: Aure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 35 aurar og 2 røyr.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framstillinga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordeit på Cm-klassar vil denne sjå ut som synt nedanfor.




Det vart teke prøver av 26 aurar og av desse var 6 røde, 18 lys-røde og 2 kvite i fiskekjøtten.
Vidare var der 17 hanfiskar og 9 hofiskar.
Ingen av fiskane var angripne av parasittar.
9 av fiskane var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	4,0	8,2	13,6	19,0	22,0
Årleg lengdetilvekst i cm	4,0	4,2	5,4	5,4	3,0
Antall fiskar	26	26	26	25	9

Medel kondisjonsfaktor = 1,08 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi har her sett opp ein vekstkurve for fisken i Heskestadvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, ligg veksten noko i underkant av normalen. Fisken går mot ei maksimall lengd på ca. 25 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sikkert finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit fiskebestand som er tåleg bra avpassa det næringsførrådet vatnet byd på. Tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er pli noko låg og "bufferemna" svak, men det er godt brukbart for ferskvassfisk.

Botpørfene og planktonprøvene gav eit tilfredstilende resultat

og omfarfordelinga saman med cm-klasseinndelinga fortel om fisk av ymse årgangar og storleikar.

Kondisjonsfaktoren er god, men vekstkurven noko i underkant av det ein skulle venta.

Som kjent er det nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Heskestadvatnet består for ein del av snaufjell og tilsiga herfrå fører surt vatn. Dette blir nøytralisert noko i Heskestadvatnet, men fullgode tilhøve får vi ikkje. Alt tilsig frå kultivert mark dreg i positiv lei.

Gytetilhøva for auren er tilfredstillende, slik at rekrutteringa vil vera sikra. Beste gytebekken er tilsiget frå Ualandsvatnet og her vart det også sett mykje yngel og småfisk då analysen vart foreteken.

Under prøgefisket vårt lukkast det oss å få 2 røyr. Når vi ikkje fekk fleire, skuldast det nok at røyra heldt til i dei djupare vasslagene og først går opp på grunnane ved gytetider om hausten.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane går saman og skipar til eit grunneigarlag (fiskelag), då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, medan grunneigarane sjølve har eineheten til garnfiske.

Etter det vi har kome fram til, skulle aurebestandet i dag vera bra avpassa til det næringsførrådet ein finn i vatnet. Auren er som nemnt av mykje god kvalitet, slik at fiskinga etter denne må halde fram i omlag same omfang som tidlegare.

Då der er røyr i vatnet, må ein lokalisere gyteplassane, og setje garna her ved gytetider om hausten. Røyra har som kjent stor formeringsemne, og lett for å bli dominerande, der desse fiskeslagene er i blanding. Ein må såleis prøve å halde reyrbestandet i sjakk. Vi kjenner alle til, at det på Sør-Vestlandet er mange vatn der fisken har gått ut i seinare år, for skuld sur nedbør. Nokon fåre

i så måte skulle det ikkje vera for Heskestadvatnet. Gjødningsstoffa frå kultivert mark, skulle ein også tru i framtida ville vera nok til å gi ein godt brukbar vasskvalitet for fisken. Om grunneigarlaget blir etablert, vil det sikkert vera mange som ville prøve fiskelukka si i vatnet, og dette vil då gi litt inntekter for event. kultiveringstiltak.

Stavanger den 8. mars 1976

Einar Berg